

RETTLEIING TIL BRUK AV AKTIVITETSARK

Vere
saman

Kva er eit aktivitetsark?

Eit aktivitetsark er eit verktøy som peikar på det uformelle fellesskapet mellom foreldre og barn i ei gruppe som ein viktig del av eit godt oppvekstmiljø. Første del av arket er ei innleiing som seier noko om barnet sitt behov i den aktuelle tidsperioden. Den andre delen inneheld konkrete forslag til kva foreldre og barn kan gjere i lag.

Kva er målet med aktivitetsarket?

A fremme samhald og fellesskap for foreldre og barn bidrar til eit godt miljø for barna gjennom oppveksten. Eit støttande og trygt foreldremiljø er stimulerande for barn si generelle utvikling. Eit inkluderande og solidarisk miljø er ein viktig del av det førebyggjande arbeidet mot mobbing. Målet med aktivitetsarket er difor å stimulere til uformelle og miljøskapande aktivitetar for foreldre og barn gjennom oppveksten.

Når skal aktivitetsarket nyttast?

Det er utarbeidd seks aktivitetsark knytt til ulike fasar i barnet sin oppvekst. Verktøyet skal nyttast i samarbeid med foreldra på barseltreff på helsestasjonen, og på foreldremøte i barnehagar og skular. Arket kan brukast på slutten av ei foreldresamling etter at arbeidet med dialogark er ferdig.

Korleis bruke aktivitetsarket?

A rket er meint som ein motivasjon for foreldre til å ta initiativ til konkrete aktivitetar. Det er naturleg å knytte foreldrekontaktane til dette arbeidet, men alle foreldra kan ta initiativ. Tenestene har eit meiransvar for å framsnakke og stimulere til aktivitet. Foreldra har ansvar for å ta initiativ til konkrete aktivitetar og bidra med gjennomføring. Felles gruppe for kvart kull på Facebook kan gjere det enkelt å formidle informasjon om aktivitetar.

Skap engasjement

G jennom bruk av aktivitetsarket ønskjer Sjumilssteget å stimulere til engasjement for eit godt miljø. Alle vaksne i barnet sitt miljø er rollemodellar i sosial læring.

Evaluering

D et er viktig at aktivitetsarket, med tekst og forslag til aktivitetar, treffer foreldra på ein god måte. Sjumilssteget ønskjer difor tilbakemelding på erfaringar ved bruk av aktivitetsarka. Tilbakemelding kan rettast til den kommunale Sjumilsstegsgruppa. Kvart år vil også alle foreldra i 4.klasse få utdelt evalueringsskjema med fem korte spørsmål knytt til Sjumilssteget. Slik kan Sjumilssteget endre seg i takt med foreldra sine behov.



Illustrasjon av Petter, 1.klasse

